

2019



Grunnlagsdokument for etablering av FO Vestland

Grethe Kvist, Ann Kristin
Nygård, Bente Owren og
Jan Egil Haugland
FO Hordaland og FO Sogn
og Fjordane
14.11.2019

FO – NY ORGANISERING.....	2
Arbeidsgruppa for FO Vestland	2
Tidslinja i arbeid fram mot FO Vestland.....	4
Styringsmål	4
DAGENS STRUKTURAR.....	5
Fylkeskontora	5
Handlingsprogram.....	6
Økonomi	7
Tillitsvaltskulering, kurs, konferansar og opne møte	8
Representantskapet	2
Fylkesavdelingsstyret	3
Arbeidsutvalet	5
Utvala til fylkesavdelingane	6
Internasjonale prosjekt	8
Medlemmene	9
Tillitsvalte	10
Klubbane	16
FO avdelingane – ein del av Fellesorganisasjonen	17
FO avdelingane – ein del av LO.....	17
FORSLAG PÅ FRAMTIDIG ORGANISERING	18
Fylkeskontor – forslag	18
Oppgåvefordeling, stillingar og verv - forslag	18
Handlingsprogram og Tiltaksplan - forslag.....	20
Økonomi	20
Tillitsvaltskulering - forslag	20
Representantskapet - forslag.....	20
Fylkesavdelingsstyret - forslag.....	22
Arbeidsutvalet – forslag.....	24
Fylkesavdelingas utval – forslag.....	24
Internasjonalt prosjekt – forslag.....	25
Klubbar – forslag.....	26

FO – NY ORGANISERING

Dette dokumentet omhandlar samanslåinga av FO Hordaland og FO Sogn og Fjordane til ei fylkesavdeling, FO Vestland.

Den politiske kommune- og regionreforma som dagens regjering har lagt fram vil påverka FO`s heilskaplege organisering framover. Fylka Sogn og Fjordane og Hordaland er vedtatt samanslegne frå januar 2020.

FO er i ei kontinuerleg organisasjonsutvikling og Landsstyret er i ein prosess med kartlegging og drøftingar rundt FO`s struktur og organisasjon fram til Landsmøte i 2019. Denne prosessen vil ha innverknad på framtidig organisering. Landsstyret fatta i mars 2018 vedtak om å fremma sak for Landsmøte hausten 2019 om at FO skal følgja dei nye fylkesgrensene.

Proessen i avdelingane starta hausten 2018 med felles avdelingsstyremøte. Felles AU møte januar 2019 vedtok å setja ned ei arbeidsgruppe, jamfør mandat frå avdelingsstyra. Leiarane og fylkessekretærene til dei to fylkesavdelingane har utgjort arbeidsgruppa. Arbeidet har gått føre seg frå september 2018 og vil vara ut 2019. Arbeidet har vore utført via jamlege arbeidsgruppemøte med drøftingar og individuelt utgreiings- og kartleggingsarbeidet mellom møta. Styra og representantskapa har vore jamleg orientert og involvert i prosessen.

Dette grunnlagsdokumentet skildrar bakgrunnen for forslag om samanslåing, kartlegging av no-situasjon med medlemstal, tillitsvalte og framtidige behov. Arbeidsgruppa legg fram, på bakgrunn av funn og konklusjonar, eit forslag til framtidig behov, organisering og tilråding for representantskap og ekstraordinære årsmøte desember 2019. Det vil bli set ned eit interimsstyre som vil førebu årsmøte for FO Vestland 10. – 11. mars 2020.

Mandatet, vedtatt av felles arbeidsutvalsmøte, inneheld behovsanalyse, oversikt geografi, ulike modellar for organisering som beskriv funksjonsfordeling, organisasjonskart og geografisk plassering, og dessutan forankring i organisasjonen lokal/sentralt, oppsummering/konklusjon frå arbeidsgruppa og tilråding som skal leggest fram for representantskapa for vedtak.

Arbeidsgruppa for FO Vestland

For at representantskapa i begge fylka skal ha eit tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag for ei eventuell samanslåing, har avdelingsstyra i FO Hordaland og FO Sogn og Fjordane velta fylkesleiarane og fylkessekretærene til å sitja i ei arbeidsgruppe saman. Arbeidsgruppa har bestått av følgjande medlemmer:

- Grethe Kvist, leier FO Hordaland
- Ann Kristin Nygård, leier FO Sogn og Fjordane
- Bente Owren, fylkessekretær FO Hordaland
- Jan Egil Haugland, fylkessekretær FO Sogn og Fjordane

Leiar av gruppa er Grethe Kvist. Resterande medlemmer av arbeidsutvala inngår i ei «utvida arbeidsgruppe»

- FO Hordaland Mohamad Mehdi og Renathe Remes Øen
- FO Sogn og Fjordane Bjørn Henning Solheim og Karen Knapskog

Resten av dei frå arbeidsutvala forpliktar seg til å bidra i arbeidet på førespurnad frå arbeidsgruppa. I tillegg er landsstyrerepresentant Trude Fardal frå FO Sogn og Fjordane og organisasjonstillitsvalt Lena Ytreland (fram til sluttdato 01.08.19) frå FO Hordaland medlemmer. For å sikra eit godt arbeid er det viktig at anbefalinger undervegs blir formidla til utvida arbeidsgruppe. Prioriterte oppgåver for arbeidsgruppa har vore å laga ein framdriftsplan og jobba med forslag til organisering av ny fylkesavdeling. Arbeidsgruppa har hatt jamlege møte både saman, over telefon og har innhenta informasjon og innspel frå avdelingsstyra, medlemmer og FO Trøndelag og andre FO-avdelingar.

Mandatet styrer heile arbeidsprosessen.

Mandat arbeidsgruppa FO Vestland

Arbeidsgruppa har fått i mandat og svart på desse spørsmåla:

Styringsmål

- Kva tener medlemmane best
- Felles omforent forslag til drift og organisering av FO Vestland
- Likeverd mellom avdelingane
- Forankring av prosessen lokalt

Korleis ivareta:

- Tillitsvalte
- Klubbar
- FO's politikkområde

Synleggjera dagens strukturar og organisering

- Fylkeskontora
- Handlingsprogram
- Økonomi
- Tillitsvaltskuling
- Vedtektsfesta organ
- Internasjonale prosjekt
- Klubbstruktur
- FO-avdelingane ein del av Fellesorganisasjonen
- FO ein del av LO
- Geografi

Forslag til framtidig organisering

- Fylkeskontor
- Oppgåvefordeling
- Handlingsprogram
- Vedtektsfesta organ

- Internasjonale prosjekt
- Klubbstruktur
- FO avdelinga ein del av Fellesorganisasjonen
- FO ein del av LO

Arbeidsgruppas oppsummering og forslag til vedtak

Tidslinja i arbeid fram mot FO Vestland

DATO	AKTIVITET	DELTAKING	STAD
25.september 2018	Felles avdelingsstyremøte	Avdelingsstyra (AU)	Bergen
22.-23. oktober 2018	Representantskapsmøte SF		Førde
06.desember 2018	Representantskapsmøte H		Bergen
09.-10.januar 2019	Felles arbeidsutvalsmøte	AU og Landsstyrerepresentantar	Bergen
12.-13.mars 2019	Representantskapsmøte SF		Førde
27. mars 2019	Arbeidsgruppa		Voss
1.-2. april 2019	Arbeidsgruppa		Lillestrøm
24. april 2019	Felles økonomimøte		Bergen
8.-9. mai 2019	Representantskapsmøte H		Bergen
13.-14. mai 2019	Arbeidsgruppa		Førde
28.mai 2019	Representantskapsmøte SF		Førde
17.-18. juni	Ferdigstille utkast dokument		Bergen
22.-23. august 2019	Felles arbeidsutvalsmøte	Med valkomité leiarane 22.08	Førde
27. august 2019	Avdelingsstyremøte H		Bergen
23.september 2019	Arbeidsgruppa	Kontrollkomitear; videomøte	Oslo
30.september 2019	Avdelingsstyremøte SF		Førde
21.oktober 2019	Felles avdelingsstyremøte		Lavik
24.-25. oktober 2019	Representantskapsmøte H		Bergen
26. november 2019	Avdelingsstyremøte SF		Førde
5.desember 2019	Ekstraordinære årsmøte H		Bergen
10. desember 2019	Representantskapsmøte SF		Loen
11.desember 2019	Ekstraordinære årsmøte SF		Loen
2020	Interimsstyre møte		
10.-11.mars 2020	Årsmøte FO Vestland		Sogndal

Styringsmål

- Kva tener medlemne best
- Felles omforent forslag til drift og organisering av FO Vestland
- Likeverd mellom avdelingane
- Forankring av prosessen lokalt

Målsettinga for ei utgreiing om framtidig organisering vil vera å sikra at alle FO-medlemmer og FO sine tillitsvalte blir teken i vare på ei likeverdig måte i heile området. Det er eit viktig overordna prinsipp for at alle medlemmer skal oppleve at dei får det same tilbodet av tenester frå avdelinga. Utgreiinga skal ha tydelege styringsmål om kva som tener alle FO sine medlemmer på beste måte.

I denne prosessen har vi tilstreba likeverd mellom avdelingane. Dette kjem til uttrykk gjennom representasjon i arbeidsgruppa og forslag til framtidig organisering.

Dokumentet skal kome fram til eit felles omforent forslag til drift og organisering av FO Vestland.

Samansetning av arbeidsgruppa og tidslina viser forankring av prosessen i begge fylkesavdelingane. Kvar avdeling har ansvar for å sikra openheit og god informasjonsflyt ut til medlemne sine.

Dei viktigaste oppgåvene for FO Vestland er:

Medlemmer- ta i vare medlemne sine lønns- og arbeidsforhold gjennom lønnsforhandlingar, utvikling av lokal lønnspolitikk, bistå ved inngåing av lokale avtalar, arbeide for at medlemne har ei lovleg og forsvarleg arbeidstidsordning, bistå medlemmer i stillingsvern-sakar og konfliktsakar. Vidare sikre at medlemne blir teken i vare jf. lovar og avtaler ved omstillingsprosessar. Gjennom ein aktiv medlemsverving vil FO Vestland bli eit viktig og slagkraftig fagforbund for profesjonane våre.

Tillitsvalte – FO Vestland skal ha eit sterkt og godt skulert tillitsvalt-apparat på alle arbeidsplassar. For å få det på plass må avdelinga ha nærleik og tilgjengelegheit til dei tillitsvalte, ha gode og målretta utdanningstilbod samt gje råd og rettleiing til tillitsvalte når dei har behov for det. Tillitsvalte i heile fylka skal oppleva å ha tett kontakt med fylkesavdelinga.

Klubbar – synlege klubbar er viktig for at medlemmene skal oppleva at FO Vestland er det riktige fagforbundet for dei. Det betyr at avdelinga skal bistå og medverka til at det blir gjennomført klubbmøte, ha synlege og tydelege klubbaktivitetar. For å få til dette er det viktig at klubbane har eit klubbstyre og eit fellesskap i drifta av klubben.

Politikkområde – FO Vestland skal framleis ha fokus på tariffpolitikk, profesjonspolitikk, helse- og sosialpolitikk, internasjonal politikk. Overordna er det styret som har ansvaret for politikkområda.

DAGENS STRUKTURAR

Fylkeskontora

FO Hordaland

FO Hordaland har avdelingskontor i Bergen. På «Folkets Hus» i Lars Hillesgate har vi kontorfellesskap med fleire andre fagforeiningar, LO og AP/AUF. I 2018 inngjekk vi leigekontrakten til eit tiår for 4 fire kontor. Leigekostnadene er kr. 484 000,- inklusivt driftskostnader som kopi, straum, reinhald, bank, administrasjon.

Alle FO-avdelingar har fylkessekretær frikjøpt 100 %, finansiert gjennom FO sentralt. Avdelinga har i tillegg frikjøpt fylkesleiar 100 % og organisasjonstillitsvalt 100 %. Det siste året har avdelinga òg hatt ein organisasjonstillitsvalt frikjøpt i 20% for å jobba særleg opp mot studentar og medlemsarkiv. Avdelinga har tilsett kontorsekretær i 50% stilling.

FO Sogn og Fjordane

FO Sogn og Fjordane har avdelingskontor i Førde der vi leiger to kontor, lager og fellesareal av LO Sogn og Fjordane. I tillegg til LO deler vi kontorfellesskap med Arbeidarpartiet/ AUF.

Leigekostnader er kr. 70 000,- per år. I tillegg kjem utgifter til vask, straum m.m.

Alle FO-avdelingar har fylkessekretær frikjøpt 100 % finansiert gjennom FO sentralt. Avdelinga har i tillegg fylkesleiar frikjøpt 100 % og kasserer frikjøpt 20 %.

Samla har avdelingane 5,9 årsverk;

- 200% fylkessekretærar – ikkje av eige budsjett
- 200 % leiar
- 120 % organisasjonstillitsvalt
- 20 % kasserar
- 50 % kontorsekretær

Handlingsprogram

Handlingsprogrammet til avdelingane er eit dynamisk verktøy for avdelingane sine prioriteringar og aktivitetar i ein årsmøteperiode. Handlingsprogrammet byggjar på «Prinsippprogram og vedtekter» vedtatt på Landsmøte. Også føringar frå Landsmøte og Handlingsprogram og andre vedtak i landsstyret er førande for programmet.

Handlingsprogrammet skal vedtakast i representantskapet. Leiar har det daglege overordna ansvaret for gjennomføring av handlingsplanar og dagsaktuelle politiske saker i avdelinga. Dei rådgivande utvala vil vera viktige støttespelarar mellom anna med gjennomføring av konkrete oppgåver gitt av styret.

Undervegs i perioden vil det kanskje komma saker som ikkje er føresedde i handlingsprogrammet, og som kan føra til behov for omprioriteringar.

FO Hordaland- handlingsplanarbeid

Handlingsprogrammet har vorte vedtatt på årsmøte og gjeld for ein to-årsperiode, men blir rullert årleg i samband med budsjett for nytt år.

Arbeidsutvalet utarbeider ein tiltaksplan i etterkant av dei årlege styresamlingane, og denne (skjematisk) konkretisering av aktivitetar i handlingsprogrammet med tidsplan og ansvarleg, er eit viktig styringsverktøy for arbeidet med gjennomføring av tiltak. Gjennomførde aktivitetar vil bli markert i den årlege rulleringen av handlingsprogrammet.

Vi søker å gjera tydeleg våra prioriteringar og har for inneverande periode velta å fokusera på fem punkt i Handlingsprogrammet:

- Jobba for å ivareta og sikra medlemmenes lovfesta og avtalefesta rettar om arbeidstid og gode rammebetingingar for arbeide.
- Jobba for at profesjonane sin felles og særskilde kompetanse skal prega kvaliteten i velferdstenestene.
- Jobba for medlemsbevaring og rekruttering.
- Jobba for eit FO som vil vera prega av auka profesjonalitet, styrkt gjennomslagskraft og forsterka måloppnåing.
- Jobba for å få fram tydelegare prioritering og målretting av budskap.

FO Sogn og Fjordane – handlingsplanarbeid

Handlingsprogrammet blir vedtatt for ein to-års periode, men skal vera eit levande dokument. Første rullering er i samband med budsjett 2019. Handlingsprogrammet byggjer på «Prinsippprogram og vedtekter» vedtatt på Kongressen 2015 med desse seks prioriterte områda:

1. Lønn, arbeidsforhold og arbeidsmiljø
2. Profesjonspolitisk arbeid
3. Helse- og sosialpolitikk
4. Kvinnepolitikk
5. Internasjonalt arbeid og solidaritet
6. Organisasjon

Gjennom vedtak i representantskapet innanfor desse seks områda, vil fylkesavdelinga særleg prioritera:

- Arbeide for å sikra gode lønns - og arbeidsvilkår for medlemane
- Styrke tillitsvalte sin kompetansen
- Styrke våre profesjoner sin plass i velferdsstaten sine tenester
- Medlemsbevaring og rekruttering
- Synleggjøre organisasjonen

Økonomi

FO Hordaland

Avdelingstilskot for 2019 er kr. 3 961 000,- Avdelinga hadde kr. 754 856,- i eigenkapital pr. 31.12.18.

FO Sogn og Fjordane

Avdelingstilskotet for 2019 er kr. 1 507 000,- Avdelinga hadde kr. 1 089 148,- i eigenkapital pr. 31.12.18.

Budsjett:

INNETEKTER 2019	FO Hordaland		FO Sogn og Fjordane
Tilskot frå FO sentralt	3 961 000,-		1 507 000,-
Kursinntekter	10 000,-		70 000,-
Andre inntekter/refusjonar	88 000,-		30 000,-
OU midlar frå FO sentralt KS	240 402,-		65 000,-
Ref. Frå FO sentralt diverse kurs	380 000,-		250 000,-
SUM INNETEKTER	4 679 402,-		1 915 000,-

UTGIFTER 2019	FO Hordaland		FO Sogn og Fjordane
Internt	628 000,-		406 000,-
Fagpolitisk arbeid	190 000,-		162 000,-
Yrkesfagleg arbeid	200 000,-		75 000,-
Organisasjon og informasjon	458 500,-		235 000,-
Tillitsvaltskulering	540 000,-		258 000,-

Klubbar	298 800,-		130 000,-
Drift kontor	2 956 030,-		1 300 000,-
Internasjonalt arbeid	120 000,-		0
SUM UTGIFTER	5 391 330,-		2 566 00,-

FO HORDALAND har vurdert å leggja fram revidert budsjett. Budsjettet vart utarbeidd før årsrekneskap fanst og eigenkapital vart lågare enn budsjettet. Lønnsutgifter til andre tillitsvalte som var budsjettet med kr. 500 000,- er redusert til kr. 300 000,- og såleis aukar planlagt eigenkapital med kr 200 000,- til kr. 242 000,- (Sjå tal i parentes)

2019	FO Hordaland	FO Sogn og Fjordane
INNTEKT	4 679 402,-	1 915 000,-
UTGIFT	5 391 330,- (5 191 330,-)	2 566 000,-
Planlagt overforbruk som blir teke av oppspart eigenkapital	711 928,- (511 928)	644 000,-
Eigenkapital ved inngang 2019	754 856,-	1 089 148,-
Eigenkapital 30.05.19	100 729,- (300 729,-)	843 665,-
Rest eigenkapital planlagt:	42 928,- (198 050)	445 148,-
5 % av avdelingstilskotet kr:	198 050,-	75 350,-
Meir planlagt eigenkapital enn 5 %	Minus 155 122 (242 000,-)	369 798,-

Samla inntekt for FO Hordaland, kr.4 679 402,- og FO Sogn og Fjordane, kr. 1 915 000,- utgjer i 2019 kr. 6 594 402,-

Kva blir situasjonen for 2020?

Det er noko uklart korleis situasjonen blir, men Landsstyremøtet i oktober 2019 vedtok følgjande:

«29 % av yrkesaktiv kontingent blir overførte fylkesavdelingane etter ei fordelingsnøkkel som blir vedteken av landsstyret. I tillegg vert det finansiert 24 heiltidstillitsvalte i fylkesavdelingane.»

Budsjett 2019 skal opp til behandling på Landsstyremøte dagen før landsmøte i november. Det kan gje meir informasjon. Landsstyremøte som skal behandla fordelingsnøkkel blir ikkje før i slutten av mars 2020, etter at FO Vestland har hatt stiftingsårsmøtet sitt.

Tillitsvaltskulering, kurs, konferansar og opne møte

Kompetansebygging av tillitsvalte er ei kontinuerleg og prioritert oppgåve. Dette krev tid og ressursar frå avdelinga.

Avdelingane får OU-midlar for skolering av tillitsvalte i kommunal sektor – KS midlar. Talet på medlemar som jobbar i kommunal sektor er utgangspunktet for tildelingane. I 2019 var Hordaland tildelt kr. 240 402,-og Sogn og Fjordane kr. 65 000,- Etter søknad til FO kan avdelingane òg få OU middel til dekning av noko utdanning for tillitsvalte innan andre arbeidsgjevarområde.

Nokre kurs har tillitsvalte i avdelinga halde, og til nokre har vi hatt eksterne forelesarar.

	FO S&F 2018	FO S&F 2019	FO HORDALAND 2018	FO HORDALAND 2019
Tillitsvaltskouering				
Grunnkurs	1 kurs over 2 dagar	1 dag	3 kurs a 2 dagar	2 kurs a` 2 dagar
Arbeidslivskurs	Region Vest – 5 dagar	Region Vest- 5 dagar	Region Vest- 5 dagar	Region Vest- 5 dagar
Lokale forhandling/ tariff beredskapskonferanse	1 dag	1 dag	1 dag	1 dag
Turnus- og arbeidstidsordningar		2 kurs over to dagar	1 kurs over 2 dagar	1 kurs over 2 dagar
Kvinnekurs -3 dagar	Region Vest- 3 dagar		Region Vest- 3 dagar	
Profesjonskurs		½ dag	½ dag	½ dag
Vald, og truslar om vald				
Omstilling og endring		½ dag		
Konflikthandtering	1 dag			
Diskrimineringslovverk	1 dag		½ dag	
Pensjon	1 dag			
Motivasjon og arbeidsglede i tider med omstilling og endring	1 dag			
Tillitsvalt-konferanse		FOH og FOS&F- over 2 dagar	1 dag	FOH og FOS&F – over 2 dagar
Tilsetting/oppseiingar og omstilling/endring	1 dag			
God start				Mengde: prosent:
Utdanning Representantskapsmøter				
Ny IA-avtalte/tv rolla si		½ dag		
Utdanningsdebatten			1 dag	
Tv-rolle i kommunesamanslåing		½ dag		
Pensjon	½ dag	1 dag		
Tillitsvalt-verktøy/ medlemsarkiv	½ dag		½ dag	
Rekruttering/ medlemsbevaring	½ dag	½ dag		
Organisasjonsutvikling i FO	1 dag	1 dag	½ dag+ ½ dag	1 dag
Regionaliseringa i NAV	½ dag			
Sosialt arbeid i Tanzania			½ dag	
Seksuell trakassering			½ dag	

Begge avdelingane arrangerer i tillegg møte for medlemmer. Nokre møte er i regi av klubbar, andre er opne medlemsmøte. Det har vore tema innan lønn og tariff, helse og sosialpolitikk, seniorpolitikk, internasjonalt arbeid, kvinnepolitikk og faglege kurs. Tema FO Vestland har vore oppe på fleire møte.

Representantskapet

§ representantskapet til 11.5 Fylkesavdelinga

«Representantskapet er det høgste organet til fylkesavdelinga mellom årsmøta.

Representantskapet består av valde representantar frå klubbar, samt styre i fylkesavdelinga, inklusive landsstyrepraesentanten, leiarar for utvala til fylkesavdelinga og representantane frå FO-studentane. Storleik og samansetning av representantskapet blir vedteke av årsmøtet. Fylkesstyret kallar inn representantskapet til møte minst to gonger i året. Medlemene til representantskapet blir kalla inn med minst fire veker varsel. Fylkesstyret kallar elles inn representantskapet når styret finn det påkrevd eller når minst 2/3 av medlemmene til representantskapet krev det. Det blir ført protokoll frå representantskapsmøta. Samansetning av representantskapet skal vedtakast av årsmøta i avdelingane jfr. vedtektenes § 11.4, dagsordenen til årsmøtet pkt. 7»

FO Hordaland – Representantskapsmodell

FO Hordaland vedtok følgjande samansetning av representantskapet på årsmøtet i 2018:

Representantskapet skal spegle medlemsmassen på dei ulike arbeidsgjevar- og klubbområde. Følgjande utrekning skal leggst til grunn:

- Alle kommunar der det er valt hovudtillitsvalt eller klubbstyre skal ha minimum 1 representant.
- Andre arbeidsgjevarområde skal ha 1 representant for inntil 20 medlemmer.
- For alle arbeidsgjevarområde gjeld vidare følgjande fordeling:

Årsmøte FO Hordaland 2018 vedtok følgjande samansetning av representantskapet

Under 20 medlemer	1 representant
Mellom 20 og 50 medlemer gir	2 representantar
Mellom 51 og 100 medlemer gir	3 representantar
Mellom 101 og 150 medlemer gir	4 representantar
Mellom 151 og 200 medlemer gir	5 representantar

Deretter blir gitt 2 representantar pr. 100 medlemer.

Dersom det blir endringar som tilseier annan representasjon kan representantskapet fatta vedtak om dette. Endringar på grunn av fleire eller færre medlemer blir fortløpande endra.

FO Sogn og Fjordane - Representantskapsmodell

FO Sogn og Fjordane vedtok følgja samansetting av representantskapet på årsmøtet i 2018:

Representantskapet skal spegle medlemsmassen på dei ulike arbeidsgjevar- og klubbområda. Følgjande utrekning skal leggas til grunn:

- Alle kommunar der det er valt hovudtillitsvalt eller klubbstyre skal ha minimum ein representant
- Andre arbeidsgjevarområde skal ha same representasjon

- For alle arbeidsgjevarområde gjeld følgja fordeling:

Under 20 medlemmer	1 representant
Mellom 20 og 40 medlemmer gir	2 representantar
Mellom 40 og 80 medlemmer gir	3 representantar
Over 80 medlemmer gir	4 representantar

- Studentane har 2 representantar
- fylkesstyret med 10 representantar

Dersom det blir endringar som tilseier annan representasjon kan representantskapet fatta vedtak om dette. Endringar på grunn av fleire eller færre medlemmer blir fortløpande endra.

Fylkesavdelingsstyret

§ 11.6 Fylkesavdelingsstyret

«Styret er det utøvande organet til fylkesavdelinga. Fylkesavdelingsstyret blir samansett slik at ingen seksjon har fleirtal åleine. Anna samansetning krev dispensasjon frå landsstyret. Fylkesstyret medlemmer har tale-, forslags- og røysterett.

Landsstyrerepresentanten til fylkesavdelinga møter fast i fylkesstyret med tale-, forslags- og røysterett. FO-Studentane vel to representantar til fylkesavdelingsstyret, kor den eine har tale- forslags- og røysterett. Den andre representanten har tale- og forslagsrett.»

Styret skal vera kjent med FO sine vedtekter og følgja desse. Styret har heilskapleg ansvar for politikken til avdelinga. Styrets medlemmer møteplikt i styret og representantskapet. For å få til eit handlegraftig styre er det nødvendig at oppsett møteplan blir følgd og at tidsplaner blir halde. Nyvalt styre fastset møteplan. Å delta i styret medfører arbeid og møteverksemd òg utanom ordinær arbeidstid. Medlem i styret jobbar i forhold til Handlingsprogrammet til avdelinga.

- Delta på styremøte og representantskapsmøte
- Møte førebudd til styremøta og representantskapsmøta
- Ta på seg ansvar for ulike oppgåver til neste styremøte, jamfør handlingsplan for perioden.

Vedtektene regulerer korleis fylkesavdelingsstyret skal setjast saman. Dagens vedtekter medfører at det skal vera minimum 12 medlemmer + vara medlemmer.

Fylkesavdelingane har hatt ein tilnærma lik samansetning av styra sine med leiar, nestleiar, fylkessekretær, kasserer, 3 profesjonsfaglig ansvarsløge, landsstyrerepresentant, studentrepresentantar og styremedlemmer/utvalsleiarar.

I Hordaland har vararepresentantar møtt fast, ei ordning dei ikkje har praktisert i Sogn og Fjordane. I tillegg til at dette er eit spørsmål om kostnader, vil det òg verka inn på styrets fungering. Som vara møter ein i utgangspunktet når den ein er vara for har meldt fråfall. Dersom begge møter og har like rettar, vil dette vera i strid med vedtektene.

Både FO Hordaland og FO Sogn og Fjordane har hatt tre profesjonsfagleg ansvarlege i styret. Hordaland har gjennomført ordninga med personleg vara til leiarane av dei tre profesjonsfaglige utvala. Vara har då vore nestleiar i utvala. I Sogn og Fjordane har ein kalla inn ein av dei ordinære varamedlemene ut frå profesjon.

FO Hordaland

Styret har 12 faste medlemmer og 3 vara. Fast observatør er organisasjonstillitsvalt. Vi har 6 styremøte på dagtid, i Folkets Hus i Bergen, og dessutan ei årleg styresamling over to dagar. Vi har hatt to studentrepresentantar siste året. Etter årsmøte har vi dei siste åra hatt denne samlinga utanlands, blir ella er styresamlinga på hotell utanfor Bergen.

1.	Grethe Kvist	Leiar/ AU/ LS	S
2.	Mohamad Mehdi	Nestleiar /AU/ kasserar	S
3.	Bente Owren	Fylkessekretær /AU / 1.vara LS	V
4.	Renathe Remes Øen	AU / 2.vara LS	B
5.	Ann Grete Aasheim	Profesjonsfagleg ansvarleg	B
6.	Siv Myking	Profesjonsfagleg ansvarleg	S
7.	Erik Birkeland	Profesjonsfagleg ansvarleg	V
8.	Jan Aarskog	Medlem	B
9.	Carjet Demir	Medlem	B
10.	Rolf Unneland	Medlem	V
11.	Geirr Berthinsen	Studentmedlem	S
12.	Lene Fauskanger	Studentmedlem	S
	Trude Devik	1.vara	S
	Kenneth Larsen	2.vara	V
	Magnus Nymoen	3.vara	B
	Lena Ytreland	Observatør og protokollfører	S

FO Sogn og Fjordane

Fylkestyret har 12 medlemmer og 3 varamedlemer. Over lang tid har det berre møtt 1 studentrepresentant på grunn av vanskar med å rekruttera 1.års studentar. Avdelinga har hatt 5 – 6 styremøte på dagtid. Og i tillegg har det dei to siste to åra vore haldne to dagars styresamlingar på hotell i fylket.

Fylkesleiar er kontaktperson og ansvarleg for kvinne/likestillingspolitikk.

1.	Ann-Kristin Nygård	Leiar	S
2.	Karen Knapskog	Nestleiar	B
3.	Jan Egil Haugland	Fylkessekretær	S
4.	Bjørn Henning Solheim	Kasserar	B
5.	Lill Randi Røyrvik	Profesjonsfagleg ansvarleg V	V
6.	Magny Haugen	Profesjonsfagleg ansvarleg S	S
7.	May Terese Seglem	Profesjonsfagleg ansvarleg BV	B
8.	Trude Elisabeth Fardal	Landsstyrerepresentant	B
9.	Jenny Kjøsnes	Styremedlem	S
10.	Siv Aspeseter	Styremedlem/PFU/TAPO	V
11.	Anne Linn Sekkingstad	Studentrepresentant	S
12.		Studentrepresentant	
	Anne Hansen	Vara	V
	Randi B Skaaden	Vara	S
	Mariann Juklestad	Vara	B

Arbeidsutvalet

Jamfør § 11.6 Fylkesavdelingsstyret

«Fylkesavdelingsstyrets arbeidsutval består normalt av leiar, nestleiar og fylkessekretær og fungerer mellom styremøta etter fullmakt gitt av fylkesavdelingsstyret.»

Arbeidsutvalet blir valt på årsmøte for ein periode av 2 år. Arbeidsutvalet skal:

- Førebu styremøte, representantskapsmøte og årsmøte
- Disponera økonomien i tråd med representantskapets og styrets prioriteringar
- Fatta vedtak i saker som ikkje kan venta til neste styremøte

Til arbeidsutvalet har medlemmene møteplikt. Arbeidsutvalet er vedtaksfør når minst 3 av medlemmene er til stades. Alle saker i arbeidsutvalet blir avgjort ved alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap gjeld stemma til leiar som dobbeltstemme.

Mellom møta i arbeidsutvalet har leiar fullmakt gjeve av arbeidsutvalet.

FO Hordaland

Arbeidsutvalet har ca. 10 møte gjennom året av 3 timar varigheit. I tillegg er det vått semesterstart heildagsmøte, vanlegvis utanfor kontoret. Økonomisk ramme for vedtak i AU er kr 5 000,-

Grethe Kvist	Leiar/ AU/ LS	S
Mohamad Mehdi	Nestleiar /AU/ kasserer	S
Bente Owren	Fylkessekretær /AU / 1.vara LS	V
Renathe Remes Øen	AU / 2.vara LS	B

FO Sogn og Fjordane

Arbeidsutvalet har ca. 6 møte gjennom året. På grunn av reiseavstandar for medlemmane gjennomfører vi heildagsmøte. Arbeidsutvalet førebur saker til styret og representantskapet.

Ann-Kristin Nygård	Leiar/ au/ 1.vara LS	S
Karen Knapskog	Nestleiar/AU	B
Jan Egil Haugland	Fylkessekretær/AU	S
Bjørn Henning Solheim	Kasserar/AU	B

Utvala til fylkesavdelingane

Jamfør vedtekter § 11.7.3 Rådgjevande utval

§ 11.7.1 Kontrollkomité

«Kontrollkomiteen består av tre medlemmer valde av årsmøtet og følgjer instruks for kontrollkomiteane til fylkesavdelingane vedteke i landsstyret. Medlemer i kontrollkomiteen kan ikkje ha andre verv i FO.»

FO Hordaland

Kontrollkomiteen møtast regelmessig, og leier og eit medlem har delteke på utdanning i regi av FO. Dei gjev årlege tilbakemeldingar i form av rapport til styret og årsmøte.

FO Sogn og Fjordane

Avdelinga har tre medlemmer i kontrollkomiteen. Dei har ikkje andre verv i organisasjonen. Leiar av komiteen har deltatt på representantskapsmøta i avdelinga, men ikkje som fast representant.

§ 11.7.2 Valkomité

«Valkomiteen består av like mange medlemmer frå kvar seksjon. Valkomiteen blir vald av årsmøtet, og førebur val til etterfølgjande årsmøte og dessutan suppleringsval i perioden og delegatar til landsmøtet.»

FO Hordaland

Avdelinga har tre medlemmer i valkomiteen, og dessutan to varamedlemer. Dei har felles møte ved behov. Leiar har plass i representantskapet.

FO Sogn og Fjordane

Avdelinga har tre medlemmer i valkomiteen, og dessutan ei vara medlem. Dei har felles møte/ telefonmøte ved behov. Leiar har delteke på representantskapsmøta i avdelinga, men ikkje som fast representant.

§ 11.7.3 Rådgjevande utval

«Fylkesavdelinga kan ha følgjande rådgjevande utval; Tariffpolitisk utval, Helse- og sosialpolitisk utval, Studieutval, Kvinnepolitisk utval, Informasjonsutval, Internasjonalt utval, Seniorpolitisk utval. Disse blir velta på årsmøtet med mindre fullmakta blir overført til styret. Utvala skal, dersom dei varetek alle profesjonane, fortrinnsvis samansett slik at alle seksjonane er representerte.»

Utvala har eit særleg ansvar for å vera pådrivar innan området sitt. Rådgjevande utval har høve til å leggja fram saker for arbeidsutval, styret eller representantskap for vedtak som då blir styrande for aktiviteten. Same organ kan sende over saker til utvala og be om at det blir følgt opp. Utvalet må då ta stilling til dette og fatta vedtak i saka.

FO Hordaland

Avdelinga har følgjande utval:

- Tariffpolitisk utval – 8 medlemer, leiar er fylkessekretær. Dei kjem frå ulike tariffområde; Kommunal sektor, Stat, Spekter og Virke
- Kvinnepolitisk utval – 8 medlemer, leiar sit i representantskapet
- Internasjonalt utval – 8 medlemer, leiar sit i representantskapet
- Seniorpolitisk utval – 8 medlemer, leiar sit i representantskapet

Årsmøte har vedteke mandat for dei ulike utvala.

FO Sogn og Fjordane

Avdelinga har følgjande utval:

- Tariffpolitisk - 5 medlemer, fylkessekretær er leiar av utvalet. Dei kjem frå ulike tariffområder; Kommunal sektor, Stat og Spekter Helse. Årsmøte har vedteke mandat for utvalet.

§11.7.4 Profesjonsfaglege utval

«Profesjonsfagleg utval blir valt av årsmøtet med mindre fullmakta blir overført styret. Profesjonsfagleg utval blir valt for kvar seksjon med profesjonsfagleg ansvarleg som leiar, eller det blir valt eit felles profesjonsfagleg utval. Ved felles profesjonsfagleg utval skal dette setjast saman slik at ingen seksjon har fleirtal åleine. Alle seksjonane må vera representert. Ein av dei profesjonsfagleg ansvarslege i fylkesavdelingsstyret blir valt som leiar av utvalet.»

FO Hordaland

Avdelinga har tre utval:

- Profesjonsfagleg utval barnevernspedagogar – 8 medlemer, leiar sit i styret
- Profesjonsfagleg utval sosionomar – 8 medlemer, leiar sit i styret
- Profesjonsfagleg utval vernepleiarar – 8 medlemer, leiar sit i styret

Årsmøte har vedtatt felles mandat for utvala.

FO Sogn og Fjordane

Avdelinga har eitt utval:

- Felles Profesjonsfagleg utval - 9 medlemer, tre frå kvar profesjon. Dei 3 profesjonsfagleg ansvarslege sit i styret. Ein av dei tre profesjonsfagleg ansvarslege er leiar av utvalet. Årsmøte har vedtatt mandat for utvalet.

Internasjonale prosjekt

FO Hordaland

I tråd med vedtekter og prinsippprogram har FO Hordaland hatt eit samarbeid med sosialarbeidarforeininga i Tanzania: Tanzanian Association of Social Workers (TASWO) – Kilimanjaro Branch.

Vedtektene § 2. pkt. 8

«Fremme samarbeid mellom kollegaer og organisasjonar på det helse- og sosialfaglige felt i inn- og utland»

Prinsippprogram 5.3. For internasjonal solidaritet

«Fagrørsla har lange tradisjonar innanfor internasjonalt solidaritetsarbeid. Gjennom solidaritet møter vi ein situasjon der menneskerettar og faglege rettar blir broten eller der krig, diktatur og undertrykking pregar kvardagen. FO vil derfor gi støtte til helse- og sosialarbeidar- og fagforeiningskollegaer slik at dei har moglegheiter til å organisera seg, driva politisk påverknad og fagleg kamp, og dessutan ha moglegheit for fagutvikling og fagutveksling. FO vil støtte og bidra i utviklingsprosjekt kor sosialt arbeid og sosialpedagogisk arbeid er viktige element, og dessutan støtte tiltak som kan styrkte global forståing og internasjonalt engasjement blant FO sine medlemmer.»

TASWO er medlem av IFSW - internasjonal foreining for sosialarbeid, som har meir enn 470 000 medlemer frå meir enn 80 land. TASWO er ein frivillig, ikkje statleg sosialarbeidarorganisasjon som vart etablert i 1982. TASWO fungerer som ein nasjonal, regional og internasjonal foreining som arbeider med å fremma utviklinga av dei yrkesmessige verdiane til sosialarbeidarar, etikk og interesser. TASWO har på landsbasis ca. 400 medlemer og hovudkontoret er i Dar es Salaam. TASWO kommuniserer med medlemer over heile landet. Dette er ei utfordring sidan tilfredsstillande kommunikasjonssystem er ei mangelvare. TASWO har etablert 11 regionale avdelingar der region Kilimanjaro er den eine avdelinga vi samarbeid med.

Formålet med TASWO

- Å stimulera og fremme veksten av sosialarbeidarfunksjonen i Tanzania
- Å få til eit samarbeid mellom offentleg og privat tilsette sosialarbeidarar
- Å oppmode både offentlege sosialarbeidarar og andre som driv sosialt arbeid til å halda oppa og fremme høg standard på utføringa av sosialt arbeid
- Å oppmode og støtte deltaking av sosialarbeidarar i samfunnsøkonomisk planlegging og implementering av sosialt arbeid gjennom å utnytta kunnskapen til sosialarbeidarar om sosialt arbeid
- Å bidra til å sikra sosial rettferd og sosial velferd for utsette grupper i samfunnet
- Å delta i utviklinga av etablering og ivaretaking av samfunnsverdiar og samfunnsøkonomisk utvikling
- Å vera medlem av aktuelle tilsvarsande nasjonale og internasjonale sosialarbeidarforeiningar både i Tanzania og internasjonalt som har tilsvarsande målsettingar som TASWO

Avtalen vart inngått i 2013, fornya i 2016 og går fram til april 2020.

Visjonen med avtalen er organisasjonane sitt arbeid, som både fagforeining og profesjonsforbund og utvikla samarbeidet mellom partane.

Målsetting er at visjonen blir gjennomført gjennom gjensidig utveksling av erfaringar, utfordringar og kunnskap. Begge partar er ansvarleg for gjennomføring og utvikling av samarbeidet gjennom å respektera avtalen og halda oppa ein god og regelmessig kontakt og kommunikasjon. Det er ei målsetting at samarbeidet skal gå føre gjennom ein gjensidig kontakt i form av besøk. FO Hordaland vil gjennom avtaleperioden finansiera aktivitet som er vedtatt av TASWO Kilimanjaro.

Avdelinga set av kr 20 000,- til arbeidet i regi av TASWO Kilimanjaro og søker FO sentralt årleg om 90 000,- som går til gjensidige besøk og hospiteringsordning/reisestipend som vart innført for nokre år sidan.

FO Sogn og Fjordane

Avdelinga har per i dag ikkje nokon internasjonale samarbeidsprosjekt.

Medlemmene

Dei fleste medlemmene høyrer til KS- området, men i tillegg vil Stat og Spekter vera store tariffområde som ein del medlemmer er knytt opp mot. FO Hordaland har i tillegg ein del medlemmer innanfor områda Virke, NHO og private.

MEDLEMSSTATUS	HORDALAND	SOGN OG FJORDANE	FO VESTLAND
Yrkesaktive giro	35	8	43
Yrkesaktive lønnstrekk	2 486	513	3047
Ikkje yrkesaktive	93	40	133
Studentar	173	185	358
Master/vidareutdanning på heiltid	16	1	17
Pensjonist	178	31	209
Pensjonist over 75 år	1	0	1
Stønadsmottakar	100	11	111
Medlemer med ukjent arbeidsstad	20	6	29
B medlemer	2	0	2
Medlemsstall pr.13.06.19	3 036	734	3 770
Medlemsstall pr. 07.11.19	3 104	795	3 899

PROFESJONAR	HORDALAND	SOGN OG FJORDANE	FO VESTLAND
Barnevernspedagogar	551	214	756
Sosionomar	1 243	353	1 596
Vernepleiarar	1 274	220	1 494
Velferdsvitarar/velferdsfag	5	2	5
Anna utdanning B	15	4	18
Anna utdanning S	8	0	8
Anna utdanning V	6	1	8
Ukjent	2	1	3
Medlemsstall pr. 07.11.2019	3 036	734	3 770
Medlemsstall pr. 07.11.2019	3104	795	3899

ULIKE ARBEIDSGJEVAROMRÅDE	HORDALAND	SOGN OG FJORDANE	FO VESTLAND
Kommunal sektor	1 856	345	2 200
Kommunal sektor bedrift	9	0	9
Spekter	235	53	287
Stat	218	112	329
Virke	155	1	156
NHO	73	5	82
Private (Utan tariffavtale)	23	5	27
Studentar	190	185	375
ASVL	4	1	5
FO	2	2	4
Ingen tariffkode – (ikkje yrkesaktiv)	339	83	435
Direkte avtale		3	2
Medlemsstall pr 13.06.2019	3 036	734	3770
Medlemsstall pr. 07.11.2019	3104	795	3899

Tillitsvalte

_Kor mange arbeidsplassar har tillitsvalt:

FYLKE	TALET PÅ KOMMUNAR	TALET PÅ KOMMUNAR FO HAR MEDLEMER	TALET PÅ KOMMUNAR FO HAR TILLITSVALT
FO Hordaland	33	28	23
FO Sogn og Fjordane	26 + fylkeskommunen	27	20

FO Hordaland:

Nokre tillitsvalte er kjøpte fri etter Hovudavtalen:

Kommunal sektor. Bergen kommune. 250 % frikjøp, 4 kommunar 20 % frikjøp, 2 kommunar 10 % frikjøp

Bufetat regionstillitsvalt 150 %

Spekter Føretakstillitsvalt frikjøp 20 %

Fylkesavdelinga har ein stor klubb med over tusen medlemmer og fleire med i underkant av hundre. Det er hovudtillitsvalte i dei fleste kommunar og verksemnder, og det er gjerne i dei minste kommunane at det manglar tillitsvalte eller der tillitsvaltvervet ikkje fungerer optimalt. utfordringa vil vera å gi tillitsvalte nok oppfølging i saker, og dessutan å gi dei tilstrekkeleg kompetanse. Tillitsvalte kan kjenna seg åleine i vervet og har eit sterkt ønske om tett samarbeid og samhandling med fylkesavdelinga. Det er fem kommunesamanslåingar på gang i fylket, 32 kommunar vil bli 27 frå 2020.

	MEDLEMER		HOVED TILLITSVALT	TV	KOMMUNAR 2020/ VERKSEMNDER
KOMMUNAL SEKTOR					
Bergen	1136		3	41	
Region Nordhordland					
Austrheim	6		1	0	
Fedje	0		0	0	
Osterøy	27		1	2	
Lindås	56		1	4	
Meland	22		1	1	Alver kommune
Radøy	18		1(kontaktperson)	1	
Masfjorden	2		0	0	
Modalen	0		0	0	
Region Midhordland					
Askøy	68		1	4	
Fjell	72		1	4	
Sund	10		1	0	Øygard kommune
Øygarden	21		1	2	
Fusa	8		1(kontaktperson)	0	
Os	59		1	3	Bjørnafjorden kommune
Samnanger	2		0	0	
Region Sunnhordland					
Austevoll	8		1	0	
Bømlo	36		0	3	
Etne	3		1	0	
Fitjar	7		0	1	
Kvinnherad	32		0	1	
Stord	86		1	5	
Sveio	16		0	0	

Tysnes	7		1?	1	
Region Hardanger					
Eidfjord	0			0	
Voss	64		1	4	Voss Herad
Granvin	1		0	0	
Jondal	0		0	0	
Odda	23		1	1	
Kvam	19		1	1	
Ullensvang	5		0	0	
Ulvik	1		0	0	
Vaksdal	3		0	0	
KS - FYLKESKOMMUNEN					
	14		0	0	
STAT					
Bufetat	153		2	13	
Kriminalomsorga	14		2	0	
Konfliktrådet	2		1 (reg. i Oslo)		
Fylkesmannen	6		(1)	1	
Høgskulen	21		(1)	1	
NAV	9		(1)	2	
Politi/lensmannsetaten	10		0	1	
Statped	2		0	0	
Universitetet	1		0	0	
SPEKTER					
Helse Bergen	222		1	9	
Helse Fonna	11		1		
Uni Research	2				
VIRKE					
Helse og sosial	58		0	2	
Spesialisthelsetenesta	76		1	4	
Utdanning	3		0	1	
Verksemder	18		0	2	
NHO					
Aberia	5				
Aberia 453	29				
NHO Service 453	32				
ASVL	4				
KS BEDRIFT					
KS Bedrift	9				
PRIVAT					
Ingen tariffavtale	23				


FO Sogn og Fjordane:

Spekter føretakstillitsvalt er frikjøp etter Hovudavtalen med 10 %. Fylkesavdelinga har hovudtillitsvalte i dei fleste kommunar og verksemder, og det er gjerne i dei minste kommunane at det manglar tillitsvalte eller der tillitsvaltvervet ikkje fungerer optimalt. Utfordringa vil vera å gi tillitsvalte nok oppfølging i saker, og dessutan å gi dei tilstrekkeleg kompetanse. Det er få store klubbar i fylket dvs. at dei fleste har tillitsverv i små klubbar. Tillitsvalte kan

kjenna seg åleine i vervet og har eit sterkt ønske om tett samarbeid og samhandling med fylkesavdelinga. Det er ingen tillitsvalte innanfor KS-området som har frikjøp i vervet sitt. Det er fire kommunesamanslåingar på gang i fylket, 26 kommunar vil bli 18 frå 2020.

	MEDLEMER	HOVED TILLITSVALT	TV	KOMMUNAR 2020/ VERKSEMNDER
KS – KOMMUNAR	Oppdatert pr. 07.11.19			
Region Sunnfjord				
Førde	45	1	1	
Gaular	3	0		Sunnfjord kommune
Naustdal	11	1	2	
Jølster	4	1		
Askvoll	7	1	1	
Fjaler	15	1		
Solund	1	0		
Gulen	4	1		
Høyanger	6	1	1	
Hyllestad	3	1		
Region Nordfjord				
Florø	16	1		Kinn kommune
Vågsøy	15	1	1	
Bremanger	9	0		
Selje	10	1	1	Stadt kommune
Nordfjordeid	23	1	1	
Gloppen	33	1	1	
Stryn	16	1	1	
Hornindal	1	0		Møre og Romsdal/ Volda
Region Sogn				
Balestrand	3	1		
Leikanger	23	1	2	Sogndal kommune
Sogndal	31	1	2	
Vik	13	1		
Luster	5	0		
Årdal	43	1	4	
Lærdal	6	1		
Aurland	2	0		
KS - FYLKESKOMMUNEN				Vestland fylkeskommune
Fylkeskommunen	2	0	0	
STATEN	medlemmer	HTV		Frå 2019
Bufetat	57	1	3	
KIF	3	1	0	
Fylkesmannen	9	1	1	Fylkesmannen Vestland
Høgskulen	19	1	1	Høgskulen Vestlandet
NAV Stat	22	1	5	NAV Vestland
Konfliktrådet	2	0	0	Har landsdekkande klubb

SPEKTER				
Helse Førde	53	1	3	
VIRKE				
Stiftinga Familiekontor Eid	1	0	0	
NHO				
Ecura Bo og hab. as	5	0	0	
PRIVATE/ utan tariffavtale				
Barnehage	2	0	0	
Evnerik AS	1	0	0	
Røde Kors rehab.	1	0	0	
Lægreid hotell	1			
ASVL- Mona Vekst as	1	0	0	
Klokkergårdstiftelsen Måløykollektivet (direkte avtale)	2	0	0	



KS/KS bedrift = blå Stat = grå Spekter = gul Virke = lysegrønn NHO/privat/uten tariffavtale = oransje

Ovanfor er det set inn eit oversiktskart over korleis medlemmene fordeler seg i fylket.

FO har i samband med utrekning av tilskotsordning berekna på geografiske forhold rekna ut reisetid i FO Vestland. Vi tar det med i denne presentasjonen då det seier mykje om det nye fylket Vestland og kva for utfordringar det vert for medlemmer og tillitsvalte.

- **Reisetid – avstandar – geografi**

Ca. 60 % av medlemmane finst i Bergen-regionen. Dei resterande finst forholdsvis jamt spreitt rundt i heile det nye fylket, med nokre tyngdepunkt (Voss, Lindås, Stord, Sogndal, Førde, Årdal).

- **Studentar**

Høgskulen på Vestlandet har avdelingar i Bergen og i Sogndal. I tillegg har Videnskapelig Høyskole (VID) som er ein privat høgskule deltidstudiar vernepleie i Bergen.

- **Køyretider i kjerneområdet**

Bergen - Osøyro: 37 minutt

Bergen - Askøy (Kleppestø): 16 minutt

Bergen - Ågotnes: 30 minutt

Bergen - Knarrevik: 15 minutt

- **Køyretider til tyngdepunkta i fylket utanfor Bergen-regionen (NB ved utan venting på ferje og godt føre)**

Bergen - Voss: 1 time 35 minutt

Bergen - Knarvik: 28 minutt

Bergen - Leirvik: 2 timar 44 minutt (1 ferje)

Bergen - Sogndal: 3 timar 46 minutt (1 ferje)

Bergen - Førde: 3 timar 4 minutt (1 ferje)

Bergen - Årdal: 3 timar 41 minutt

- **Køyretider til ytterkantane**

Bergen - Sveio: 3 timar 19 minutt (1 ferje)

Bergen - Etne: 3 timar 42 minutt (1 ferje)

Bergen - Odda: 2 timar 36 minutt (1 ferje)

Bergen - Ulvik: 2 timar 14 minutt

Bergen - Austrheim: 1 time 12 minutt

Bergen - Høyanger: 2 timar 56 minutt (1 ferje)

Bergen - Flora: 3 timar 56 minutt (1 ferje)

Bergen - Selje: 5 timar 49 minutt (2 ferjer)

Bergen - Eid: 5 timar 3 minutt (1 ferje)

Bergen - Gaupne: 4 timar 17 minutt (1 ferje)

Klubbane

FO Hordaland:

Avdelingsstyret og representantskapet har i fleire årsmøteperiodar jobba for å få fleire klubbar på plass. Situasjonen er at vi har 16 klubbar, 9 i kommunal sektor, 4 i Speker og 3 i stat.

I vedtaket frå representantskapet heiter det at «alle klubbar i Hordaland skal velje eit styre på minimum 3 personar – leiar, kasserar og sekretær. Vert det valt fleire vert dei kalla styremedlem. Årsmøte er klubben sin høgaste organ, og skal haldast årleg innan utgangen av februar. I tillegg til årsmøte, skal klubbane halda minimum eit medlemsmøte kvart år. Klubbane får tilskot frå avdelinga etter vedtekne retningsliner.»

Klubbstøtta er på kr 3000,- og dessutan kr 50,- pr. medlem. Nokre få klubbar har eigen konto, men dei fleste planlegg aktivitetar ut frå klubbstøtta og fører eit «skuggerekneskap».

FO Sogn og Fjordane

Avdelinga har stort sett på plass hovudtillitsvalte ute på arbeidsplassane. I dei verksemdene der vi har plasstillitsvalte, vil dette ofte utgjera klubben/styret. Ofte går verva på omgang. Vi har ikkje brukt nemninga klubbstillitsvalte. Det har jamt over vore 4-5 klubbar som har sendt årsmelding til fylkeskontoret, men fleire som gjennomfører årsmøte lokalt.

Det har vore mogleg å søka fylkeskontoret om driftstilskot på kr. 3000, - eller at klubbane får refundert utgifter i høve aktivitetar lokalt der representantskapet har sett eit tak på kr. 300, - pr. deltakande medlem. Få klubbar har nytta seg av moglegheita til å søka om eit driftstilskot. Då har vi hatt kriterium om at det må veljast eit styre med m.a. kasserer.

Fleire klubbar gjennomfører medlemsmøte.

FO avdelingane – ein del av Fellesorganisasjonen

Fylkesleiarar og fylkessekretærar blir invitert til FO glyma ein eller fleire dagar pr. år. Dette er utdanning. I tillegg er det to gonger i året Avdelingskonferanse som har organisasjon som hovudsak.

Kvar avdeling har ein landsstyrerepresentant i Landsstyret, og dessutan 1. og 2.vara.

Landsmøte 2019: Hordaland har 13 delegatar, Sogn og Fjordane har 6 delegatar.

Medlemer frå avdelingane er i denne årsmøteperioden representert i følgjande sentrale råd og utval:

Valkomité, leiar	FO Hordaland
Profesjonsråd Sosionom, medlem	FO Hordaland
Profesjonsråd Barnevernspedagog, medlem	FO Hordaland
Rådgivande forhandlingsdelegasjon, 2 medlemmer	FO Hordaland
Godkjenningsutvalet for Vernepleiarar	FO Hordaland
Faggruppa for kriminalomsorga, medlem	FO Sogn og Fjordane
ULLT- utval for lønte organisasjonstillitsvalte i FO	FO Sogn og Fjordane

FO avdelingane – ein del av LO

Avdelingane er godt representert i LO, både lokalt og sentralt og brukar LO aktivt for å få gjennomslag for sakene våre.

Det er 6 LO lokallag i Hordaland og 7 LO lokallag i Sogn og Fjordane.

NASJONALT	
LO representantskap i Noreg	FO Hordaland: fylkesleiar er vara
REGIONALT	
LO Regionråd	Hordaland: fylkesleiar er medlem Sogn og Fjordane: fylkesleiar er medlem, ein tillitsvald er medlem som representant frå eit lokallag
LO Regionkonferanse	Hordaland: tre tillitsvalte er medlemmer, og dessutan fylkesleiar Sogn og Fjordane: to tillitsvalt er medlem, og dessutan fylkesleiar
LO Familie og likestillingsutval i avdelingane	Hordaland: to medlemmer Sogn og Fjordane: fylkesleiar er nestleiar. Leiar siste del av perioden.
LO ungdomsutval	Hordaland: ein medlem er leiar

LO Bergen og omland	Leiaren i fylke er styremedlem og vi har 4 plasser i Representantskapet
LOKALT	
LO Nordhordland	tidlegare tillitsvalt er styremedlem
LO Årdal	Tillitsvalt frå kommunen er leiar
STAT	
LO Stat Fylkesutval	Hordaland: tidlegare tillitsvalt er medlem Sogn og Fjordane: fylkesleiar er leiar og ein tillitsvald er varamedlem
LO Stat Arbeidsutval	Hordaland: tidlegare tillitsvalt er medlem Sogn og Fjordane: leiar er leiar
KOMMUNE	
LO Kommune	FO Hordaland: fylkesleiar og kasserer er styremedlemer FO Sogn og Fjordane:

FORSLAG PÅ FRAMTIDIG ORGANISERING

Fylkeskontor – forslag

FO Vestland beheld to avdelingskontor, eitt fylkeskontor i Bergen og eitt kontor i Førde. Kontora blir bemanna med 3,5 årsverk i Bergen og 2 årsverk i Førde. Avdelinga «blir inndelt» i tre område; Nordfylket, Midtfylket og Sørfylket.

- **Kontor Førde:** Bemannas med ein fylkessekretær og leiar eller nestleiar, til saman 2 årsverk. (Nordfylket)
- **Kontor Bergen:** Bemannas med leiar eller nestleiar, to fylkessekretærer og kontorsekretær i 50% stilling, til saman 3,5 årsverk. (Midtfylket og Sørfylket)

Personalressursar:

- 50 % kontorsekretær – som no
- 300% fylkessekretærer – 200 % dekt frå budsjett forbundskontoret
- 100 % leiar
- 100 % nestleiar

Det vil seia at fylkesavdelinga må dekkja 350 % stilling av eige budsjett. Lønnsnivå til fylkesleiar og fylkessekretær er regulert gjennom forskrifter frå FO. Nestleiar blir løna på tilsvarsande nivå.

Oppgåvefordeling, stillingar og verv - forslag

I botn ligg vedtektene med avgjerdene om oppgåvene til fylkesavdelinga i kommande årsmøteperiode. Vår intensjon og målsetting er å finna ny formålstenleg ressursutnytting, der medlemene og klubbane skal vera i fokus.

Arbeidsgruppa sitt forslag til oppgåvefordeling vil vera utgangspunkt for interimsstyret sitt vidare arbeid med å utarbeide mandat og legge det fram for årsmøte i mars 2020. Utgangspunkt for dette arbeidet vil vera eit FO-rundskriv om oppgåvefordeling i avdelingane.

Leiar og nestleiar

Leiar og nestleiar blir valt ein frå kvart av dei gamle fylka. Med dagens teknologi er fysisk plassering av leiar og nestleiar på kvar kontoret sitt uproblematisk. Interimsstyret vil jobba fram forslag til mandat og arbeidsdeling mellom leiar og nestleiar. Dette vil bli vedtatt på stiftingsårsmøte.

- Leiar

Leiar vil ha hovudansvaret for drifta av avdelinga, dei vedtektsfesta organa, økonomi og politikk.

- Nestleiar

Nestleiar har medansvar for avdelingsdrifta, dei dei vedtektsfesta organa, økonomi og politikk. Nestleiar er avløyser for leiar. Nestleiar har kasseraransvar.

Fylkessekretærer

Forslag til vedtak på landsmøte er at avdelinga vil få to heimlar for fylkessekretær løna frå forbundet sentralt. Dette er det same som avdelingane har per i dag. I dag har FO Hordaland i tillegg ein organisasjonstillitsvalt. Arbeidsgruppa føreslær at verva organisasjonstillitsvalt vert gjort om til ein fylkessekretær heimel slik at det blir tre fylkessekretærer som vil vera likeverdige. To blir løna av FO sentralt, den tredje vil avdelinga løna tilsvarande.

Nye FO Vestland blir delt inn i tre område som kvar fylkessekretær har ansvaret sitt for. Ein fylkessekretær blir frå vald «gamle» Sogn og Fjordane og to frå «gamle» Hordaland. Ein fylkessekretær får hovudansvar for «sørfylket», ein for «midtfylket» og ein for «nordfylket». Den tredje definerte fylkessekretæren vil ha arbeidsplass ved kontoret i Bergen, men skal vera retta mot det sørlege området. For alle fylkessekretærvervane må det påreknas ein del reiseverksemd for å utøve vervet på ein god og tilfredsstillande måta.

Arbeidsgruppa meiner dette vil styrke avdelinga, oppfølging av medlemmer, tillitsvalte og ein god nærleik til desse. Ein sikrar og at avdelinga er mindre sårbar ved utskifting eller sjukdom. Dei tre fylkessekretærene skal utfylla kvarandre og samarbeide på tvers av regionen. Dette vil styrke oppfølginga av medlemmer i større og tyngre saker. Ansvar for ulike tariffområde vil bli fordelt mellom fylkessekretærene. Oppgåver knytt til utdanning og verving er også relevant. **Interimsstyret vil jobba fram forslag til mandat og arbeidsdeling mellom fylkessekretærene. Dette vil bli vedteke på stiftingsårsmøte.**

Kontorsekretær

Den merkantile funksjonen på 50% vert vidareført ved kontoret i Bergen og kontorsekretær betener heile avdelinga. Oppgåvene til kontorsekretær blir ikkje endra ut frå noverande stillingsskildring. Fakturering og samarbeid med leiar og nestleiar som har kasserarfunksjon vil framleis vera sentrale og viktige oppgåver.

Organisasjonstillitsvalt

Dersom Landsmøte vedtar at avdelingar som blir slegne saman skal tildelast omstillingsmidlar i kommande landsmøteperiode vil dette kunna nyttast til frikjøp av organisasjonstillitsvalte. Behov for organisasjonstillitsvalte etter samanslåinga, må vurderast både ut behov og økonomi. Eventuelle organisasjonstillitsvalte skal arbeida på tvers av heile avdelinga.

Interimsstyret vil utarbeide mandat for dei verva, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.

Handlingsprogram og Tiltaksplan - forslag

Styringsdokumenta liknar mykje, mykje likt, handlingsplan, tiltaksplan og møte- og aktivitetsplan. Det kan komma godt av samarbeid over tid i region Vest.

Interimsstyret får i oppgåve å utarbeidd forslag til Handlingsprogram for kommande årsmøteperiode, som vil bli fremma for stiftingsårsmøtet Avdelingsstyret får så i oppgåve å utarbeidd tiltaksplan for årsmøteperioden.

Økonomi

Det ligg forslag til landsmøte om å halda oppa 29 % av yrkesaktiv kontingent som driftstilskot til fylkesavdelingane. I kommande landsmøteperiode er det foreslått ein ny modell for finansiering av fylkesavdelingane. Dette tilskotet skal delast i ordinært tilskot og omstillingsmidlar og det vil vera det første landsstyremøte i 2020 som vil fatta endeleg vedtak på fordeling av middel til fylkesavdelingane.

Avdelingane vil ved samanslåing få felles økonomi. FO Hordaland beheld organisasjonsnummeret og dette og konto tilhøyrande FO Hordaland blir brukt i det vidare arbeidet.

Dersom samanslåinga mellom fylka vert reversert etter Stortingsvalet i 2021, skal gjenstående middel i FO Vestland fordelast ut frå kor mykje eigenkapital FO Hordaland og FO Sogn og Fjordane hadde med seg inn i FO Vestland.

Interimsstyret vil utarbeidd forslag til budsjett for kommande årsmøteperiode, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.

Tillitsvaltskulering - forslag

Arbeidsgruppa vil foreslå at tilbodet om utdanning får tilsvarsande omfang som noverande ordning. Interimsstyret vil utarbeidd forslag til Møte- og aktivitetsplan, eit årshjul som blir lagt fram for stiftingsårsmøte.

Representantskapet - forslag

I utgreiingsarbeidet har samansetninga til representantskapet vore diskutert i felles AU og styremøte. Arbeidsgruppa har i forslaget sitt til ny samansetning av representantskap lagt til grunn ein modell kor fylket er inndelt etter geografiske område og tariffområde. I tillegg kjem dei vedtektsfesta representantane, avdelingsstyret, leiarar av rådgivande utval og studentrepresentantane. Arbeidsgruppa har lagt til grunn at i prosjektperioden er det viktig at klubbane blir i varetatt breitt og godt. Vi vil derfor foreslå eit representantskap med anslagsvis 90 representantar.

Som utgangspunkt for å finna fram til ein god modell har vi tatt utgangspunkt i desse tre modellane;

HORDALAND modell 1		SOGN OG FJORDANE modell 2	
1 til 19	1 representant	1 til 19	1 representant
20 til 50	2 representantar	20 til 40	2 representantar
51 til 100	3 representantar	41 til 79	3 representantar
101 til 150	4 representantar	80 og opp	4 representantar
151 til 200	5 representantar		

Deretter blir gitt 2 representantar pr 100 medlemmer.

FO TRØNDELAG Modell 3	
1 til 25	1 representant
26 til 50	2 representantar
51 til 100	3 representantar
101 til 175	4 representantar
176 til 250	5 representantar
251 til 325	6 representantar
326 til 400	7 representantar
Deretter blir gitt 1 representant pr 100 opp til 1001	

Forslaget til arbeidsgruppa er at vi følgjer «Modell 3 FO Trøndelag» for utrekning. Så vil vi føreslå at vi ser større einingar i ein samanheng. Til dømes blir kvar regionane no ei eining for «utrekning/tildeling av representant» mot før kvar kommune. Så må talet på representantar frå ein region fordelast mellom kommune. Avdelinga vil vera behjelpelig med å innkalla til møta der slik fordeling kan fattast. Også fleire arbeidsplassar innan andre tariffområde er lagt saman på dette vis.

Endringar på grunn av fleire eller færre medlemmer blir endra fortløpande. Dersom det vert endringar som tilseier annan representasjon, kan representantskapet fatta vedtak om dette.

Det skal haldast to representantskapsmøte i året, noko som jamfør vedtektene er eit minimum.

	MEDLEMMER	MENGE REPR.		Talet på kommunar 2020
		NO	NY MODELL	
Bergen	1100	21	13	1
Region Nordhordland	131	10	4	6
Region Midhordland	238	13	5	4
Region Sunnhordland	177	12	5	8
Region Hardanger	48	11	2	8
Region Sunnfjord	103	12	4	7
Region Nordfjord	90	10	3	5
Region Sogn	103	11	4	6
Talet på representantar frå KS:	1990	100	40	45
Spekter	233+ 52 =285	6	6	

Virke	147+1=148	8	4	
Stat NAV	5 + 22= 27		2	
Stat kriminalomsorg	13 + 3= 16		2	
Stat politiet	10			
Stat fengsel	2			
Stat konfliktrådet	2 + 2 = 4			
Stat Bufetat	153 + 56= 209	5	5	
Stat Fylkesmannen	7 + 9 =16	1	1	
Stat Høgskule	20 + 17 = 57	1	3	
Talet på representantar frå Stat			13	
NHO	55 + 5 =60	3	3	
KS bedrift	12	1	1	
Privat	26 + 4= 39	2	2	
Styret	12	12	15	
Studentar	Tre studiestader		3	
Utvalseiarar	Int, senior, KPU	3	3	
		113	87	

Interimsstyret vil utarbeide sak om representantskapet storleik og samansetning, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.

Fylkesavdelingsstyret - forslag

Forslag til framtidig modell for styresamansetning:

1.	Leiar/ landsstyrerepresentant
2.	Nestleiar (vara landsstyrerepresentant)- med kasserarfunksjon
3.	Landsstyrerepresentant
4.	Fylkessekretær
5.	Fylkessekretær
6.	Fylkessekretær
7.	Styremedlem
8.	Styremedlem - KS
9.	Styremedlem - Stat
10.	Styremedlem - Spekter
11.	Profesjonsfagleg ansvarleg B

12.	Profesjonsfagleg ansvarslege S
13.	Profesjonsfagleg ansvarslege V
14.	Studentrepresentant med tale- forslags- og røysterett
15.	Studentrepresentant med tale og forslagsrett x 2
	1.vararepresentant
	2.vararepresentant
	3.vararepresentant

Totalt 15 medlemmer + 3 varamedlemer

Styremøte

Fylkesavdelinga må tenka nytt m.o.t. gjennomføring av styremøta. På grunn av geografien bør møta anten haldast frå lunsj til lunsj (dvs. frå kl. 12 ein dag til kl. 12 neste dag) eller ved heildagsmøte. Kortare møte vil ikkje vere hensiktsmessig pga. lang reise for mange av styremedlemane. Møtetidspunkta bør om mogleg blir tilpassa offentleg transport. Det vil uansett medføra ekstra utgifter med overnatting for dei tilreisande styremedlemane.

Arbeidsgruppa legg fram forslag om:

- Det blir halde 6 styremøte per år, 3 i løpet av våren og 3 om hausten
 - Kvart semester blir det lagt eit møte til gamle Hordaland og eit til gamle Sogn og Fjordane
 - Eitt møte pr. semester blir halde som halvdags videomøte
- I tillegg blir halde ei årleg styresamling over fleire dagar

Styremedlemer

- Fylkesavdelingsstyret skal bestå av 15 medlemer
- Forslaget til arbeidsgruppa er å tilstrebe 60 % representasjon frå «gamle» Hordaland og 40 % representasjon frå «gamle» Sogn og Fjordane
- Det skal vera god geografisk spreiding på representasjon i FO Vestland frå by og distrikt
- Leiar og nestleiar må veljast frå begge «gamle» fylka, den eine frå eitt og den andre frå det andre
- Nestleiar har kasserarfunksjon
- Landsstyrerepresentant «nr.2» er ein del av styret
- Dei tre fylkessekretærane må veljast frå begge dei «gamle» fylka.
- Tre ordinære styremedlemer skal veljast frå dei største tariffområda; Kommunal sektor, Stat, og Spekter
- Éin styremedlem i tillegg
- Tre profesjonsfaglige ansvarslege styremedlemer. Dei må vera leiar eller nestleiar av dei profesjonsfaglige utvala
- Studentane har ein representant frå eit lokallag med tale, forslag og røysterett, og ytterlegare ein representant frå lokallag, med tale og forslagsrett
- Det skal veljast 3 varamedlemer. Varamedlemer blir innkalla og møter berre ved fråfall

Interimsstyret vil utarbeidde mandat for fylkesavdelingsstyret, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.

Interim-styre

Det skal veljast eit Interimsstyre på dei respektive årsmøta i desember 2019. Det er semje om at Interimsstyret skal bestå av lik representasjon frå dei "gamle" fylka. FO har i planen sin for samanslåing av fylkesavdelingar eit forslag om at interim-styret består av leiarane og sekretærane frå kvar avdeling. Interimsstyret har fulle rettar på årsmøte.

Arbeidsgruppa forslag er i tråd med dette;

- Interimsstyret består av 4 personar, dei 2 leiarane i fylka og dei 2 fylkessekretærane

FO Hordaland vil frå 01.01.20 i tillegg ha 50 % kontorsekretær og 100 % organisasjonstillitsvalt som då skal jobba for heile FO Vestland fram til stiftingsårsmøtet. **Interimsstyret vil utarbeidde mandat for fylkesavdelingsstyret, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.**

Arbeidsutvalet – forslag

Arbeidsutvalet fungerer som det styrande organet til fylkesavdelinga mellom styremøta. Arbeidsgruppa meiner at arbeidsutvalet må vera eit arbeidande utval som saksarbeidar, greier ut og legg fram saker for styret. Utvalet må ikkje vera for stort, då det kan medføra utfordringar knyttet til koordinering. AU-møte har formell karakter med innkalling og protokoll som skal godkjennast av styret. Aus blir gitt i skriftleg fullmakt frå styret.

Vi vil foreslå at arbeidsutval (AU), består av fire personar: leiar, nestleiar, ein fylkessekretær og eitt styremedlem.

- Det skal vera 7 møte i arbeidsutvalet, eitt i forkant av kvart styremøte og dessutan styresamlinga. Dette er møte som kan haldast som videomøte.
- Det skal vera eitt AU møte ved oppstart kvart semester. Dette skal vera fysiske møte, frå lunsj til lunsj.

Interimsstyret vil utarbeidde mandat for arbeidsutvalet, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.

Fylkesavdelingas utval – forslag

Kontrollkomité

Årsmøtet 2020 vel kontrollkomité bestående av tre medlemmer. Valkomiteen skal bestrebe seg på å innstille medlemmer frå begge dei gamle fylka inn i ny kontrollkomité. **Interimsstyret vil utarbeidde mandat for kontrollkomité, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.**

Valkomité

Dei noverande arbeidsutvala i avdelinga utgjør ein settevalkomité. Dei vil framme forslag for dei ekstraordinære årsmøta i desember om kandidatar til felles valkomité som skal finna og intervjuar kandidatar til dei ulike verva med unntak av valkomité.

Ny settevalkomité må veljast på dei ekstraordinære årsmøta i desember. FO Hordaland vel 3 og FO Sogn- og Fjordane vel 3. Dei får i oppgåve å fremma forslag om ny valkomité for stiftingsårsmøte i mars 2020. **Interimsstyret vil utarbeidde mandat for valkomité, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.**

Rådgevande utval

Arbeidsgruppa foreslår at FO Vestland skal ha følgjande rådgevande utval:

- Tariffpolitisk utval
- Kvinnepolitisk utval
- Internasjonalt utval
- Seniorpolitisk utval

Tariffpolitisk utval er i ein særstilling. I begge avdelingar møtest dei på dagtid og representerer ulike tariffområde. Til dette utvalet må det vera medlemer frå begge fylka. Alle fylkessekretærene skal vera ein del av utvalet, og ein skal vera leiar av utvalet. Alle tariffområda skal, så framt det er mogleg, vera representert. Interesse for tariffspørsmål er eit kriterium. Tariffpolitisk utval skal halda møta til 4 heildagar pr. år. Ved behov kan det kallast inn til ekstraordinære møte, evt. som videomøte. Tariffpolitisk utval har ansvar for å presentera resultatet av tariffoppgjøret i representantskapet til avdelinga. Førebuingar i samband med dette blir koordinert av leiar av tariffpolitisk utval.

Interimsstyret vil utarbeide mandat for Tariffpolitisk utval, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.

Det er berre Hordaland som har hatt kvinnepolitisk, internasjonalt og seniorpolitisk utval. Utvala har gjennomført møte på ettermiddagstid, ca. eitt møte i månaden. Arbeidsgruppa ser ikkje at samanslåing av avdelingane skal vera til hinder for ein vidareføring av denne arbeidsmåten, men ønskjer å presisera at det skal tilstrebas å få medlemer frå begge «gamle» avdelingar. Møta kan heilt eller delvis blir gjennomførde som videomøte.

Det bør blir valt 8 medlemmer til kvart utval, det gir rom for fråvær og såleis bidrar det til at møte ikkje blir avlyste.

Interimsstyret vil utarbeide mandat for Kvinnepolitisk utval, Internasjonalt utval og Seniorpolitisk utval, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.

Profesjonsfaglig utval

Årsmøtet 2020 vel tre profesjonsfaglege utval:

- Profesjonsfagleg utval for sosionomar
- Profesjonsfagleg utval for barnevernspedagogar
- Profesjonsfagleg utval for vernepleiarar

Valkomiteen bør, så langt det er mogleg, bestrebe seg på å innstilla medlemer frå begge dei gamle» avdelingar til utvala, med fagleg interesse og engasjement som hovudkriterium.

Møta kan heilt eller delvis blir gjennomførde som videomøte.

Styremedlemene som har profesjonsansvar blir valde som leiar/nestleiar av dei rådgevande profesjonsfaglege utvala.

Interimsstyret vil utarbeide mandat for dei profesjonsfaglege utvala, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte.

Internasjonalt prosjekt – forslag

Forslaget til arbeidsgruppa er at FO Vestland har samarbeidd med sosialarbeidarforeininga TASWO som det internasjonale prosjektet sitt for perioden 2020 -2024. **Interimsstyret vil utarbeide forslag til ny samarbeidsavtale og søka FO sentralt om midlar, avtalen vil bli fremma for stiftingsårsmøte.**

Klubbar – forslag

Det er eit mål å ha klubbar/tillitsvalte på alle arbeidsplassar. Pr. i dag manglar det klubbar/tillitsvalte ved nokre arbeidsplassar. Ein av hovudoppgåvene til FO Vestland vil vera å få på plass klubbar og tillitsvalte på alle arbeidsplassar. Det blir òg lagt opp til at det blir etablert eit samarbeid mellom klubbar ut frå ein formålstenleg områdemodell, som regionene i KS.

Interimsstyret legg fram forslag til plan for styrking av klubbarbeid og ordning med klubbstøtte, som vil bli fremma for stiftingsårsmøte 2020.

OPPSUMMERING OG FORSLAG TIL VEDTAK

Arbeidsgruppa tilrår at FO Hordaland og FO Sogn og Fjordane blir slått saman til FO Vestland frå 01.01.2020.

Etter vår meining vil organisering av FO Vestland slik det er beskriven i grunnlagsdokumentet, tena medlemene på ein god måte. Samarbeidet har vore godt og arbeidsgruppa opplever at prosessen har hatt god forankring lokalt. Forslag til vedtak meiner vi sikrar likeverd mellom avdelingane. Vi meiner at tillitsvalte, klubbar og FO sine politikkområde vil bli godt ivaretatt i FO Vestland slik det er skissert i dokumentet. Arbeidsgruppa har lagt mykje arbeid i å synleggjere dagens struktur og organisering i begge avdelingane då dette har vore nødvendig grunnlag for ein god prosess, og vil danna grunnlag for god behandling på dei ekstraordinære årsmøta. Grunnlagsdokumentet gir i tillegg til dette òg innblikk i kva for utfordringar vi har stått ovanfor i arbeidet med ny organisering

Forslaget blir fremma for dei ekstraordinære årsmøta den 5. desember i Hordaland og 11. desember i Sogn og Fjordane. På stiftingsårsmøte i mars 2020 blir behandla saker jamfør FO sine vedtekter. Dei to gamle avdelingane skal ha lik mengde stemmer på dette møtet.

På dei ekstraordinære årsmøta skal det òg veljast

- **Interimsstyret** som skal førebu stiftingsårsmøte. Dei har fulle rettar på stiftingsårsmøte
- **Felles valkomité** som skal jobba med kandidatar til verv som skal veljas på stiftingsårsmøte.
- **Felles settevalkomité:** innstille tre kandidatar til settevalkomité
- **25 representantar** frå kvar avdeling som skal delta på stiftingsårsmøte med fulle rettar. Det skal i tillegg veljast 5 vara representantar som møter ved fråfall

forslag til vedtak

1. Dagens to fylkesavdelingar, FO Hordaland og FO Sogn og Fjordane, blir frå 01.01.2020 slått saman til ei fylkesavdeling, FO Vestland.
2. Grunnlaget for samanslåinga følgjer av grunnlagsdokumentet som er lagt fram for representantskapet.
3. Dei to fylka går inn i avdelinga som likeverdige partar.